

Protokoll frå regionstyremøte

Dato 2.- 3. mars 2019
Møte nr. 1/ 2019
Stad Nordfjord Hotel, Nordfjordeid

Til stades

Frå regionstyret Nils-Gunnar Solli, Gry Sissel Sagen, Kirsten Tamara Lien Nøtseth, Kari Røsberg Klokseth, Caroline Bjørge, Elin Beate Samuelsen

Forfall Knut Johan Mikkelsen

Frå administrasjonen Pga. sjukdom var regionkontoret ikkje til stades på møtet

Godkjenning

Innkalling godkjent.

Dagsorden godkjent.

Kari R. Klokseth valt til møtesekretær pga. dagleg leiar sitt fråver.

Vedtaksaker

01/ 2019 Rekneskap 2018

Vedtak:

Styret godkjenner rekneskapen for 2018 med følgande merknader:

- Uteståande frå medlemmane burde vore kommentert mtp. kva som er årsaka til dei uteståande fordringane sidan beløpet er relativt stort.
- Styret ber om å bli oppdatert på utviklinga av innbetalingar av uteståande fordringar.
- Styret ber om rekneskapsoversikt over enkeltprosjekt, dvs. sommarkurs, Nordvesten-arrangementa m.m.

02/ 2019 Budsjett 2019

Vedtak:

Styret godkjenner framlagt budsjett for 2019. Når det gjeld langtidsbudsjett (jf. vedtektene) legg styret til grunn ei forståing av at tidshorizonten er budsjett- og rekneskapsåra i regiontingperioden, dvs. 2019-2020. Budsjettet for 2020 blir vedtatt med framskriving av budsjettet for 2019 basert på ein forventta generell løns- og prisvekst på 3 % med basis i 2019-tala.



03/ 2019 Gjennomføring av regionting og Nordvestkonferansen 2019

Vedtak:

- Styret sluttar seg til den framlagte gjennomføringsplana.
- Hilde Horpen og Alfred Bjørlo blir spurt om å vere møteleiarar.

04/ 2019 Innkomne saker frå medlemskorpsa

Ingen saker frå medlemskorpsa er innmeldt pr. dags dato.

05/ 2019 Innkomne saker frå regionstyret

Vedtak:

Regionstyret vurderer å fremme ei sak som gjeld NMF's fokus og ressursbruk på konkurransar. Endeleg stilling til dette blir tatt på neste styremøte, m.a. sett i lys av eventuelle saker som måtte komme frå medlemskorpsa innan fristen 15. mars 2019.

06/ 2019 Årsmelding 2017 og 2018

Vedtak:

Styret godkjenner framlagt årsmelding for 2017 og 2018 med følgande merknader:

- Side 8 i årsmeldinga for 2017, om regionkorps - ny formulering: *Etter ein pause i drifta av dei to regionkorpsa (NUB og NUK), så er begge no i drift igjen.*
- Økonomidelen i årsmeldingane for både 2017 og 2018, siste punkt i rapporten - ny formulering og ny avsnittsoverskrift: *Styret si vurdering av økonomien*
Styret har hatt fokus på kostnadskontroll og moglege ekstra inntekter. Dessutan har styret hatt eit tydeleg fokus på framleis å bygge ein sterk eigenkapital, noko rekneskapen viser er oppnådd.

07/ 2019 Strategiplan

Vedtak:

Dokumentet er for lite bearbeidd til å bli lagt fram for regiontinget. Styret ber om at dokumentet blir ferdigstilt når det gjeld både innhald og form, og skal handsamast på nytt i neste styremøte.

Øvrige merknader som gjeld endringar i plandokumentet er:

- Kulepunkta som omhandlar kompetanseutvikling, HMS og medarbeidar- / oppfølgingssamtaler tas ut (jamfør også drøfting av denne saka på forrige styremøte).
- Både nettsidene og korpsdriftsportalen treng vidareutvikling slik at dei blir meir brukarvennelege. Medlemene gir framleis ein del tilbakemeldingar om at dette er for vanskeleg å bruke (t.d. kjem dette opp på distriktsmøta NMF Nordvest har hatt).



- Jubileumsåret og Musikkorpsets år 2018 har gitt oss positiv omtale og synlegheit som vi må gjere nytte av vidare.
- Kulepunkta som handlar om ei bestemt stilling tas ut.
- Tekst om økonomiske mål må leggest inn.
- Pkt. 2.2 under «MÅL» tas ut.

08/ 2019 Representasjon

Vedtak:

- Invitasjon til årsmøte Norsk kulturskoleråd Møre og Romsdal
Kontoret blir ikkje representert, ev. representasjon blir gjort av styreleiaren.
- Invitasjon til årsmøte Norsk kulturskoleråd Hordaland / Sogn og Fjordane (nye Vestland)
Styret blir ikkje representert. Dagleg leiar bes vurdere ev. representasjon i samråd med NMF Hordaland.
- Invitasjon til dialogmøte om nye Vestland fylke
Knut Mikkelsen deltek frå styret.
- Invitasjon til stifting av Møre og Romsdal ungdomsråd
Caroline Bjørge deltek frå styret.
- Invitasjon til Kulturkonferansen Vestland og Anleggskonferanse idrett
Styret blir ikkje representert. Dagleg leiar deltek om det er mulig å prioritere.

09/ 2019 Aktivitetskalender 2019-2021

Vedtak:

- ID-huset må rettast til Ingebrigt Davik-huset, - ikkje alle som kjenner forkortinga.
- Samanfall i tid for regionkorpssamling, Midtnorsk meisterskap i drill og NM Janitsjar bør vi om mulig unngå.
- Regionstyremøte / Nordvestkonferanse / Regionting - må presiserast at det ikkje er regionting i 3 dagar.

10/ 2019 Oppdatering av vedtekter etter landsmøtet 2018

Styret finn det ikkje naudsynt å gjere vedtak i saka.

11/ 2019 Status frå valkomiteen til regiontinget 2019 og styrets arbeid med innstilling på ny valkomité

Styreleiaren orienterte om status for arbeidet i valkomiteen.

Vedtak:

Styret tek informasjonen frå styreleiar til orientering.
Styret jobbar vidare med mulige kandidatar til ny valkomité ut frå debatten og forslaga i møtet.



13/ 2019 Varslingsrutinar

Vedtak:

Styret ber om at det blir satt opp sak til eit seinare styremøte vedk. tydeleggjering av varslingsrutinar og kontaktperson i samband med regionkorpssamlingar, sommarkurs m.m. Styrerepresentant Tamara Lien Nøtseth følger opp med innspel til saka.

14/ 2019 Gjester til regiontinget 2019 - Invitasjon

Vedtak:

Regionstyret inviterer dei frå region Nordvest som er tildelt NMF's høgste utmerking, Sølvtrumpeten, som gjestar til regiontinget 2019.

Orienteringssaker

12/ 2019 Orienteringssaker

12.1 Sommar-PULSE 2019 (kort info frå styreleiar)

12.2 Status arrangement 2019 (kort info frå styreleiar)

12.3 Informasjon frå representasjonsoppdrag (kort info frå alle i styret)

12.4 Informasjon frå kontoret (kort info frå styreleiar)

12.5 Informasjon frå styreleiar

Styreleiar skal representere NMF på årsmøte i eit skolekorps i regionen, etter invitasjon frå korpsstyret.

Informasjon om 3-årig driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune frå 2019.

12.6 Informasjon frå NMF nasjonalt

Caroline og Elin Beate har delteke på nasjonalt leiarmøte på Gardermoen i januar 2019. Dei orienterte om dette.

Invitasjon frå NMF nasjonalt til regionstyreleiarane om å besøke NM Brass i Bergen (styreleiararen hadde ikkje høve til å delta). Tilsvarende invitasjon vil truleg kome for NM Janitsjar i Trondheim (styreleiararen tek i så fall sikte på å delta).

Noko redusert grunnlag for informasjon pga. dagleg leiar sitt fråver (særleg for pkt. 12.1, 12.2, 12.4 og 12.6).

Vedtak:

Den framlagte informasjonen tas til orientering.

Nordfjordeid, 3. mars 2019 / Molde, 22. mars 2019


Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar

Kari R. Klokseth
fung. møtesekretær

